

Prekenverkstedet



Den Norske Israelsmisjon

<http://www.israelsmisjonen.no/ressurser/materiell/prekenverksted>

1. søndag i fastetida – 9. mars 2014.

Preiketekst: Matt 4,1-11.

Lesetekst I: 1 Mos 2,8-9;3,1-8

Lesetekst II: Jak 1,12-16

Jesus sigra over freistungane

Fastetid

Fastetida har på ingen måte same praktiske innhald hos oss som i mange andre kyrkjer og kyrkjelege samanhengar. Store Norske Leksikon på nett seier om faste: ”Delvis eller fullstendig avholdenhett fra mat i et bestemt tidsrom; utbredt fenomen i religiøs sammenheng. Faste kan skje ut fra ulike motiver; som forberedelse til en viktig begivenhet, som bots- eller rensehandling eller som middel til å nå en spesiell sjelstilstand.” Vi har stort sett utelate sjølve fasten, men prøver til ein viss grad å halde fast ved målsetjinga. Eg er ikkje sikker på at vi lukkast.

Førsti dagar og netter

Etter at Jesus var døypt av Johannes i Jordanelva, vart han av Anden ført ut i øydemarka for å bli freista av djevelen.

Dei førsti dagane og nettene møter vi i fleire samanhengar i GT. Først møter vi dei ved storflaumen i Noah’s dagar, då det regna i førsti dagar og førsti netter (1 Mos 7). Så blir det fortalt (2 Mos 24 og 34 og 5 Mos 9) at då Moses var hos Herren på Sinai og fekk steintavlene med lova og boda, var han der i førsti dagar og netter og korkje åt eller drakk. Etter rabbinsk lære livnærte han seg denne tida av lysglansen frå Gud.

Det tredje interessante tilfellet finn vi då speidarar vart sendt frå øydemarka inn i det lova landet for å sjå om det var tilrådeleg å dra inn. Speidarane utforska landet i førsti dagar, men folket våga ikkje dra inn. Då sa Gud: ”Liksom de utforska landet i førsti dagar, skal de bera skulda dykkar i førsti år, eitt år for kvar dag. De skal få kjenna min uvilje.” (4 Mos 14,34) Slik vart israelsfolket på grunn av si vantru verande i øydemarka i førsti år.

I alle desse eksempla ser vi at dei førsti dagane og nettene er knytt opp mot prøving av tru og vantru.

Freistunga

Det greske verbet *peiradsein* kan forståast i litt ulik retning – å forsøke, prøve – men fekk i jødisk-kristen samanheng meir spesiell mening: - om Gud som stiller menneske på prøve, -

om menneske som stiller Gud på prøve, ”freiste Gud”, - og om menneske som blir sett på prøve på ein slik måte at målet er å bringe til fall – serleg av djevelen – blir det omsett med ”freiste”. Slik må vi her tenke at freistinga har to sider: Djevelen prøver å freiste Jesus med sikte på å føre han til fall. Men det er Guds Ande som fører Jesus i møte med freistungane, og vi må tenke at Gud på denne måten vil setje han på prøve – om hans lydnad mot kall og oppdrag er ekte. Det er ikkje ei ’leike’ prøving – den er heilt og fullt reell – og det er Guds Son som blir freista og sett på prøve.

Møte med djevelen

Diabolos (vers 1) er det greske ordet for hebraisk *satan* – ein som kjem med skuldingar, som anklagar, ein motstandar – ein som vil føre til synd. I vers 3 blir han direkte kalla freistaren.

Korleis djevelen kom til Jesus, blir ikkje fortalt – om det var i ein fysisk skapnad, eller om det var i åndeleg forstand. Men det må uansett vere meint som eit reelt møte. Det er ikkje ei freistung som kjem inne frå Jesu eigen natur. I Bibelen er djevelen omtalt og presentert som ein konkret personlegdom.

Dei tre freistungane

Det er vanskeleg å finne ei eintydig forståing av innhaldet i freistungane Jesus møter. Det eg har merka meg, kan fyllast ut på fleire måtar.

Gjennom heile israelsfolket si historie er deira store utfordring å ha tru og tillit til Gud og hans ord og veg. Og deira tilbakevendande problem og svik er at dei misser denne tilliten og i staden søker hjelp hos andre gudar. Dette er også kjernen i forteljinga om syndefallet, der Eva kjem i tvil om tillit til Gud og det han sa om frukta på treet midt i hagen. Og det er kjernekjøpet når israelsfolket etter utspeidinger av det lova landet ikkje vågar stole på Gud og dra inn.

Dette er også eit kjernekjøpet i freistungane Jesus møter. To gonger seier djevelen: ”Er du Guds son ...?” Det er som om djevelen prøver å så eit tvilande spørsmål – ”Er det verkeleg er sant ...” – og føreslår at han finn svaret ved å gjere steinar til brød. Men ved å følgje djevelens tanke, ville Jesus vise at han faktisk var kumen i tvil – at han ikkje stolte fullt og heilt på Gud.

Det same ved å kaste seg ned frå kanten av tempelet. Om Jesus kom i tvil, kunne det gå som då folket tvilte på Gud og ikkje våga seg inn i det lova landet.

Eit anna aspekt ved dei to første freistungane, kan vere at djevelen utfordrar Jesus til å bevise overfor det tvilande folket at han verkeleg er Guds Son. Her er det folket sin tvil – eventuelt tvil på om oppdraget vil lukkast – som er i fokus.

Det er ikkje eintydig om det er han sjølv eller folket som skulle ha nytte av brød gjort av steinar. Men folket ventar ein Messias som kan gjenta underet frå øydemarka då folket fekk manna å ete. Ved å gjere steinar til brød som han kan gje folket, kunne han kanskje bevise at han er Messias. Men var det ein slik Messias han skulle vere? Ein slik Messias har ikkje endra på noko i det indre av oss menneske. Jesus hadde ikkje vunne nokon siger for Guds rike. Alternativt kan freistinga vere at han ved å skaffe seg brød, har tent seg sjølv i staden for å fylle kallet Gud har gjeve han.

Opp på tempelet

Ved neste freistung tek djevelen han med til tempelet i Jerusalem. Kvar på tempelet han står, er ikkje sikkert. Kanskje er det på eit framspring på taket over søylegangen ut mot Kedronalen. Derfrå skal også Jakob, bror til Jesus, ha blitt styrt i døden.

Djevelen brukar denne gongen ord frå Bibelen (Salme 91,11-12) til å freiste å gje Jesus feil fokus. Om folk kan sjå at han blir løfta ned på bakken av englar, må det vere eit klart bevis på kven han er. I ein Qumran-tradisjon hadde ein faktisk ei forventning om ein øvsteprest frå himmelen som skulle løftast ned av englar. Men heller ikkje dette vil endre på noko i det indre av menneska, han vinn ingen siger for Guds rike.

I begge desse tilfella avviser Jesus djevelen med eit ord frå Bibelen. Eit brødunder blir avsist ved å vise til 5 Mos 8,3. I forkant av dette sitatet står der: "Hugs den lange vegen som Herren din Gud førte deg desse førti åra i ørkenen. Han ville audmjuka deg og prøva deg og sjå kva som budde i hjartet ditt, om du ville halda boda hans eller ikkje." Det viktigaste ved å gå Guds veg, er å stole på dei orda Gud har talt. Og Jesus hadde fått eit oppdrag å utføre der målet – eit sigrande Guds rike – berre kunne bli nådd ved truskap mot oppdraget.

I andre tilfelle viser Jesus til 5 Mos 6,16, der det vidare blir vist til det som hende ved Massa, då folket gjorde opprør mot Gud av di dei ikkje hadde vatn å drikke (2 Mos 17,1-7). Slik utfordra, eller freista dei Gud ved å ikkje stole på han. Jesu veg er å stole på Gud i oppdraget som er gitt han.

Opp på fjellet

Til sist blir Jesus teken med opp på eit høgt fjell. Det står ikkje kvar dette fjellet er, eller om det er eit verkeleg fjell. Det er eit fjell der det er mogeleg å sjå alle land og rike i verda. Jesu oppdrag er å vinne menneska tilbake til Gud. Gjennom dåpen i Jordan har han fått seg pålagt å gjere dette ved å gå vegen til krossen. No tilbyd djevelen han å få dette herredømet på ein langt enklare måte: Å falla ned og tilbe han. Også her kunne djevelen håpe å vekke tvilen hos Jesus: Vil liding og død verkeleg vinne menneska tilbake?

Men Jesus gjennomskodar han, og ser at det vil vere svik både mot Gud og menneska. Om han fall for freistunga, ville menneska i røynda bli verande under djevelen sin treldom. Jesus avvisar han ved å vise til det første bodet slik det blir vist til i 5 Mos 6,13, der det står i samanheng med det bibelske *shema* (vers 4) – den grunnleggande jødiske vedkjenninga.

Etter dette viser han at han har overvunne djevelen og alle hans freistinger ved å vise han tvert ifrå seg. Han har med dette stått fast i alle dei grunnleggande freistingane der vi menneske fell. Han har også stått fast ved det oppdraget han hadde gått inn under: Å vinne oss menneske for Guds rike ved å gje sitt liv for oss.

Jesu førebilete i freistung

I Herrens bøn lærte Jesus sine lærersveinar å be om å ikkje kome i freistung. Det viser i seg sjølv at vi alltid må rekne med å vere utsette for freistung. Vi vil aldri kunne stå støtt i alle freistinger slik som Jesus, men Jesus viser oss gjennom sin siger at freistingane berre kan overvinnast ved å halde fast ved det ordet Gud har gjeve oss.

Truskap mot misjonsoppdraget

Djevelen måtte vike frå Jesus, og Jesus sto fast ved sitt oppdrag. Men djevelen går framleis omkring som ei brølende løve og som ein lysande engel og søker å hindre Guds verk. Det tyder at vi som kyrkje må rekne med djevelen sin iherdige innsats for å få oss til å tvile på om forkynninga av Jesu liding, død og oppstode verkeleg er vegen til livet. Det gjeld både misjonsverksemd mellom folkeslaga, og – ikkje mindre – forkynninga av Jesus Messias for det jødiske folket. Jesu siger over freustingane er difor eit sterkt kall til truskap mot oppdraget vi har fått: Å forkynne Jesu siger gjennom krossdøden for alle.

Knut Fredrik Sørheim

Sokneprest i Masfjorden. I mange år medlem av og leiar for styret for Israelsmisjonen i Bergen krins. Sørheim er også mykje engasjert i Indremisjonsforbundet.

knutfsorheim@gmail.com